


Hosted Exchange på Android 4.x

Denne guiden tek for seg oppsett av Hosted Exchange på telefonar med Android 4.0.x til 4.2.x. Skjermbildra er frå Android 4.2, men det meste skal vere likt.

Guide for oppsett av e-post skal dukke opp første gong du startar e-postprogrammet. Om dette ikkje skjer, eller du har trykt den vekk tidlegare, kan du legge til kontoen frå Innstillinger-menyen på telefonen din. På standard Android ser dette slik ut:



Du blir no bedt om å oppgi e-postadresse og passord. Du kan og angi om du vil bruke denne kontoen som standard når du sender e-post frå telefonen. Fyll inn, og trykk «Neste».


Du kan konfigurere en Exchange-konto i løpet av bare noen få trinn.

Bruk denne kontoen som standard for utgående e-post.

Systemet vil ikkje klare å finne innstillingene automatisk ut frå det du har fylt inn. Du vil få opp eit skjema der du kan fylle inn innstillingene manuelt. På enkelte telefonar kan det vere eit mellomsteg her, eller skjemaet kan vere delt i fleire delar, men feltnavna skal vere omtrent like.

1. Domene, altså biten før skråstreken i brukarnamnet skal vere «hosting». Brukarnamnet ditt er den fulle e-postadressa du har fått opplyst frå oss. Passordet er det same som du fylte inn til å begynne med. E-posttjenar blir «**mail.hosting.pcsupport.no**». Ny mailservar for PC Support Hosted Exchange er: «**mail2.hosting.pcsupport.no**». Test hvilken av desse mail serverene som fungerer.


Når alt ser ca likt ut som biletet under trykker du «neste».



The screenshot shows an Android application interface for configuring an account. At the top, there is a status bar with icons for WhatsApp, a shield, a clock, signal strength, battery, and the time 08.36. Below the status bar is a header with a mail icon and the title "Konfigurering av konto". The main content area contains several input fields and checkboxes:

- Domene\brukernavn:** hosting\epost@domene.no
- Passord:** A field with ten dots representing a masked password.
- Tjener:** mail.hosting.pcsupport.no
- Bruk sikker tilkobling (SSL)**
- Godkjenn alle SSL-sertifikater**
- Klientcertifikat:** Ingen, with a "Velg" button to the right.
- Port:** 443
- Mobilenhets-ID:** androidc965940523

At the bottom of the screen, there are two buttons: "Forrige" and "Neste". A hand cursor is pointing at the "Neste" button, which is highlighted with a yellow starburst effect. Below the buttons is the standard Android navigation bar with back, home, and recent apps icons.






Telefonen vil no bruke litt tid på å sjekke innstillingene. Om alt er rett går den vidare, om ikkje havnar du tilbake til førre skjermbilete.




Om innstillingene er riktige vil Hosted Exchange be om å få fjernadministrere nokre innstillinger på telefonen. Dette er for at det skal vere mogeleg å fjernslette e-post og annan sensitiv info om telefonen skulle gå tapt. Godkjenn dette for å gå vidare. Ei varsling vil dukke opp i varslingsfeltet på telefonen, men denne tek vi att seinare.

Du får no velje ein del innstillinger rundt henting og varsling av e-post. Mange vil nok la desse stå uendra, men om du vil spare batteri kan du t.d. be telefonen berre sjekke ein gong i timen. Om du ikkje valde å nytte kontoen som standard tidlegare får du ein ny sjanse no. Du kan og velje om telefonen skal hente kontaktliste og kalenderelement frå Hosted Exchange. Trykk «neste», så kjem ein vidare til å gi kontoen et namn. «Neste» igjen vil starte henting av e-post.




E-posten vil ikkje komme inn før ein har godkjent sikkerhetskrava frå Hosted Exchange-systemet. Dra ned varslingslinja øvst på telefonen. Der vil du finne ei varsling om at ei sikkerhetsoppdatering er påkrevd.




Trykk på varslinga, så får du opp eit dialogvindu der du kan velje om du vil godkjenne eller ikkje.

Trykk «ok» for å gå vidare til godkjenning av tryggleiksreglane.



Du får no ei liste over tilgangane Hosted Exchange vil ha på telefonen. Trykk «Aktiver» for å aktivere



Hosted Exchange som enhetsadministrator. Etter dette skal e-posten byrje å kome inn på telefonen, og i løpet av dei neste minutta vil den og starte synkronisering av kontakter og kalender om du har valgt dette.

Skulle du få problem med oppsettet er det berre å ta kontakt med PC Support sitt driftssenter, så hjelper vi deg. Kontaktinfo er som følgjer:

PC Support AS

Driftssenteret

E-post: support@pcsupport.no

Telefon: +47 70 24 50 00 (Tasteval 1)

PC Support AS Ullavik, 6230 Sykkylven

Nettstad: www.pcsupport.no

Tel: +47 70 24 50 00, Fax: +47 70 24 50 01